



KYSTVERKET

Midt-Norge

Trøndelag fylkeskommune
Fylkets hus
7735 Steinkjer

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2020/1402-4

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Tormod Hjørungnes Engen

Dato:
06.11.2020

Løyve - Midt Norsk Havbruk AS og Bjørøya AS - Søknad om etablering av akvakulturanlegg - Lokalitet Storbrakan - Leka kommune - Trøndelag fylke

Dette løyvet er ikkje gyldig før Trøndelag fylkeskommune har gitt sitt endelege løyve etter akvakulturlova.

Viser til Trøndelag fylkeskommune si oversending 29.10.2020 av tiltakshavar sin søknad med tilhøyrande dokument.

Saksopplysningar

Tiltakshavarane søker om å etablerer oppdrettsanlegg for laksefisk på ny lokalitet Storbrakan på Sklinna i Leka kommune. Omsøkt biomasse er 3120 tonn MTB med ei fortøyingsrame som vil måle om lag 480x160 meter.

Aktuelle føresegner

Omsøkt tiltak kjem inn under Hamne- og farvasslova § 14 som seier at tiltak som kan påvirke tryggleik, ferdslø eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet ikkje kan verte etablert utan løyve. I vurderinga om ein skal gje løyve skal ein og legge vekt på omsyna i formålsparagrafen (§1) om sikker og miljøvenleg drift av hamn og bruk av farvatn og eit konkurransedyktig næringsliv.

Løyvet kan ikkje vere i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova, jf. hamne- og farvasslova § 14, 4. ledd. Er omsøkt tiltak i strid med slik plan må plan- og bygningsmynde, normalt kommunen, ha gitt dispensasjon frå plana.

Kystverket har og plikt til å følge reglane for sakshandsaming knytt til naturmangfaldlova. Denne lova skal sikre at naturmangfaldet vert vurdert ved utøving av mynde som røyver ved naturen.

Det er Kystverket som har mynde til å avgjere søknaden, jf. § 14, 3. ledd bokstav a) og Samferdselsdepartementet si delegering til Kystverket.

Regionkontor Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Vurdering

I vurderinga om ein skal gje løyve til omsøkt plassering må ein vege dei ulike omsyna i saka mot kvarandre. Kva for nokre omsyn ein skal legge vekt på og kor stor vekt dei skal få må ein vurdere mellom anna i lys av føremålet med den aktuelle føresegna. Tilsvarande gjeld for eventuelle vilkår til løyvet. Omsynet til søkjar talar for å gje løyve og vil verte vektlagt. For søkjar er det av interesse å sikre ei formålstenleg drift ved anlegget. Andre omsyn det særskilt vert lagt vekt på er omsyna til den generelle ferdsle.

Kommunen som planmynde har vurdert tiltaket til å vere i samsvar med plan. Etter Kystverket si meining vil det omsøkte anlegget ikkje få vesentlege konsekvensar for ferdsla. Ein føreset at kablar og fortøyingar ikkje er til hinder for ferdsla og at bruken ikkje krenkjer naboeigedom og tilflottsrett eller tilsvarande rettar for andre rettshavarar.

Vurdering etter §§ 8-12 i Naturmangfaldlova.

Anlegget er omsøkt nært opp til Sklinna naturreservat og det er frå fleire hald påpeika viktige naturverdiar i tilgrensande område der anlegget er omsøkt. Med bakgrunn i den kunnskap Kystverket har om naturverdiane på lokaliteten og tilgrensande område kan vi likevel ikkje sjå eller ha føresetnad til å vurdere om omsøkt oppdrettsanlegg med fortøyingar vil få særskild innverknad på marin og terrestrisk natur og artar av særskild verdfull, truga og sårbar karakter.

Vedtak

Med heimel i Lov om havner og farvann § 14, 3. ledd bokstav a) får Midt-Norsk Havbruk AS og Bjørøya AS løyve til etablering av akvakulturanlegg for laksefisk på lokalitet Storbrakan i Leka kommune, Trøndelag fylke, som omsøkt og i samsvar med vedlagt stempla kart.

Løyvet vert tildelt med følgjande vilkår, jfr. *Lov om havner og farvann § 16*:

1. Anlegget må forankrast/fortøyast forsvarleg slik at det ikkje driv av og kjem til fare for den allmenne ferdsle. Forankringstaua skal vere nedsenka.

Grunngjeving: Vilkåret er sett for at farty skal kunne passere trygt forbi anlegget, også om det pågår arbeid på- eller ved anlegget. Dette gjeld og farty som kan ha stor fart slik som sjøforsvaret sine hurtiggåande båtar.

2. Tiltaket skal utførast som omskrive i løyvet og vist på vedlagt teikning og kartutsnitt. Ein må ikkje gjere endringar utan dette på førehand er godkjent av Kystverket.

Grunngjeving: Endringar kan få annan verknad i farvatnet enn det som er vurdert i høve løyvet.

3. Merking skal skje i samsvar med [forskrift av 19.01.2012 nr. 1329 om farvannsskilt og navigasjonsinnretninger § 5](#) og vedlegg 2 til forskrifta – Merking av akvakulturanlegg.

Grunngjeving: Vilkåret er sett ut frå omsynet til ferdsla og tryggleiken på sjøen, og fordi lysa ikkje skal blende dei sjøfarande.

4. Tiltakshavar skal omgåande syte for at alle element som losnar frå akvakulturanlegget inkludert forankringstau som flyt opp, vert festa forsvarleg på rett stad eller fjerna. Dersom det ikkje straks let seg gjere å feste eller fjerne lause og/eller drivande

element, pliktar tiltakshavar følgjande: Å melde frå til NAVCO telefonvakt nr: 22 42 23 31 (vakt heile døgnet).

Grunngjeving: Omsyn til ferdsle og tryggleik.

5. Ein må sjå til at tiltaket til ein kvar tid har forsvarleg vedlikehald.

Grunngjeving: Omsynet til ferdsle og tryggleik.

6. Eit kvart ansvarsforhold og eventuelle erstatningskrav som følgje av tiltaket kviler på søkjaren.

Grunngjeving:

Dette vilkår er satt for at Kystverket ikkje skal verte ansvarleg for tiltak der nytta ligg hos andre.

7. Dersom vedtaket vert påklaga (gjeld og klage frå andre enn søkjaren) kan det verte sett krav om at arbeidet ikkje kan starte opp eller at det kan stoppast til klagesaka endeleg er avgjort.

Grunngjeving: Dersom vedtaket vert påklaga, kan det tenkjast at påklagemyndet endrar vedtaket. Mellom anna for å unngå sløsing med ressursar kan det vere tenleg å utsetje arbeidet til klagesaka er avgjort.

8. Ein (1) månad før utlegging av oppdrettsanlegget har tiltakshavar plikt til å sende melding med e-post til Kartverket sjødivisjonen, Postboks 60, 4001 STAVANGER (efs@kartverket.no) med innhald om tidspunkt for utlegging, forventa ferdigstilling og posisjonar for lokalisering av arbeidsområdet.

Etter ferdigstilling skal tiltakshavar med ein gong sende melding med nøyaktig innteikna kartskeisse og innmålte posisjonar på anlegg og fortøyingar til Kartverket sjødivisjonen, Postboks 60, 4001 STAVANGER (efs@kartverket.no). Kopi av melding skal sendast Kystverket, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND (post@kystverket.no).

Grunngjeving: Omsynet til ferdsle og tryggleik for dei sjøfarande ved ajourføring/oppdatering av sjøkarta og kunngjering i "Etterretninger for sjøfarande (Efs). Vidare å informere myndesutøvar (Kystverket) om ferdigstilling.

9. Ved permanent opphøyr av drift/konsesjon på ein lokalitet skal ein syte for fullstendig opprydding og fjerning av installasjonar over og under vatn. Fullstendig opprydding skal vere fullført seinast 6 månader etter opphøyr. Melding om dette skal sendast Efs/Kartverket sjødivisjonen, Pb 60, 4001 Stavanger (efs@kartverket.no). Kopi av melding skal til Kystverket, Pb 1502, 6025 Ålesund (post@kystverket.no).

Grunngjeving: Omsynet til ferdsle og tryggleik for dei sjøfarande ved at sjøkarta vert ajourførte/oppdaterte og kunngjering utført i "Etterretninger for sjøfarande".

10. Når anker vert lagt ut skal eksisterande installasjonar som kablar, røyr, leidningar eller liknande sikrast, til dømes ved at dykkarar deltek under arbeidet. Eigarar av aktuelle installasjonar skal ha høve til å delta ved utlegginga av anlegget.

Grunngjeving: Unngå skade på eksisterande installasjonar.

Tilhøve til anna lovgjeving og privatrettslege tilhøve

Saka er berre vurdert med omsyn til reglane i *Lov om havner og farvann* og ikkje til anna lov- og regelverk. Til dømes må tiltakshavar sjølv avklare tilhøva til reglane i plan- og bygningslova med kommunen, og tilhøva til kulturminnelovgjevinga med fylkeskommune/sjøfartsmuseum.

Lov om havner og farvann regulerer ikkje nabo- eller eigedomstilhøve som då ikkje vert vurdert i saka. Kystverket føreset likevel at bruken ikkje krenker naboeigedom, tilflottsrettar eller liknande rettार for andre. Søkjaren er sjølv ansvarleg for naudsynt samtykke frå grunneigarar og eventuelle rettshavarar. Kystverket har ikkje ansvar for å følgje opp dette. Privatrettslege tvistar mellom partane avgjerast anten gjennom avtale eller på annan måte, til dømes av domstolane.

Klage mv.

Dette er eit enkeltvedtak som søkjar og andre med rettsleg klageinteresse kan påklage innan 3 – tre - veker etter at samla vedtak frå fylkeskommunen er kome fram.

Søkar eller andre med rettsleg klageinteresse står likevel fritt til å klage på Kystverket sitt vedtak før fylkeskommunen har sendt ut det samla vedtaket. Sjå orientering om klageadgang under.

Klageadgang må vere nytta før søksmål om vedtaket si gyldigheit- eller krav om erstatning som følgje av vedtaket vert reist, jf. forvaltningslova sin § 27b. Ein kan likevel sette fram søksmål når det er gått seks månadar frå klagen første gong vart framsett og det ikkje skuldast forsøming frå klagaren si side at avgjersla frå klagemynde ikkje føreligg.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Tormod Hjørungnes Engen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet
Leka kommune

Postboks 185 Sentrum
Lekatun

5804
7994

BERGEN
LEKA

Vedlegg:

1 Godkjenningskart - Lokalitet Storbrakan - Leka kommune

Likelydende brev sendt til:

Trøndelag fylkeskommune
MIDT-NORSK HAVBRUK AS
BJØRØYA AS

Fylkets hus
Nyvegen 20
Havbruksparken Storlavika 7

7735
7900
7770

Steinkjer
RØRVIK
FLATANGER

ORIENTERING OM KLAGEADGANG

KLAGEORGAN

Enkeltvedtak fatta av Kystverket sitt regionkontor kan verte påklaga til Kystverket sitt hovudkontor, jf. forvaltningslova § 28.

Enkeltvedtak fatta av Kystverket sitt hovudkontor kan verte påklaga til Samferdselsdepartementet, jf. forvaltningslova § 28.

Klagen skal i begge tilfelle sendast med e-post til post@kystverket.no eller med post til Kystverket, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND.

KLAGEFRIST

Klagefristen er 3 veker frå den dag dette brevet kom fram, jf. forvaltningslova § 29. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen sitt utløp. Kjem klagen for seint kan Kystverket sjå bort frå klagen. Ein kan søke om å få forlenga fristen, men lyt då grunngje årsaka til dette, jf. forvaltningslova §§ 29 og 31.

KLAGENS INNHOLD

Klagen må innehalde følgjande, jf. forvaltningslova § 32:

- kva for eit vedtak det vert klaga over
- den eller dei endringar som ein ynskjer
- eventuelle andre opplysningar som kan ha betydning for vurderinga av klagen

I tillegg bør ein nemne dei årsaker klagen støttar seg til. Klagen må vere signert.

UTSETTING AV GJENNOMFØRING AV VEDTAKET

Sjølv om det er klageadgang på eit vedtak, kan vedtaket vanlegvis verte gjennomført straks. Førsteinstansen, klageinstansen eller anna overordna organ kan bestemme at vedtaket likevel ikkje kan verte iverksett før klagefristen er ute eller klagen er avgjort, jf. forvaltningslova § 42. Ein kan søke om å få utsatt gjennomføringa av eit vedtak til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort, jf. forvaltningslova § 42. Grunngjeven søknad sendast den etat som er førsteinstans for vedtaket. Ei avgjersle om oppsettjande verknad kan ikkje verte påklaga.

RETT TIL Å SJÅ SAKSDOKUMENTA OG TIL Å KREVJE VEGLEIING

Med nokre avgrensa tilfelle har ein part rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19. Parten må i tilfelle ta kontakt med Kystverket. Ein vil då få nærmere vegleiing om adgangen til å klage, om fremgangsmåten og reglane i sakshandsaminga.

KOSTNADAR VED KLAGESAKA

Ein part kan krevje dekning for vesentlege kostnadar i samband med klagesaka, jf. forvaltningslova § 36. Føresetnaden er då vanlegvis at det organet som traff det opphavslege vedtaket har gjort ein feil slik at vedtaket vert endra.

Ein kan og søke om å få dekt utgifter til naudsynt advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Vanlegvis gjeld visse inntekts- og formuesgrenser. Klageinstansen eller parten sin advokat kan gje nærmere opplysning om dette.

KLAGE TIL SIVILOMBUDSMANNEN

Meiner ein seg utsatt for urett frå den offentlege forvaltninga, kan ein klage til Stortinget sin ombudsmann for forvaltninga (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om det er gjort eventuelle feil eller forsøming.

